



Statens vegvesen

ARNE MANGER
RADØYVEGEN 1737
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/79994-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.04.2018

Byggjegrense – Dispensasjon – Fv. 409 – Gnr. 46 bnr. 9 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 06.04.2018.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 409 for å oppføre terrasse på gnr. 46 bnr. 9 i Radøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 06.04.2018.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 409 skal vere minst 43 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at innretninga ligg nær fv.409.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, årsdøgertrafikk (ÅDT) er 2300. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse langs riks og fylkesveg i Region vest (2013 – 2016)*. Etter ei samla vurdering av forholda på staden og tiltaket sin karakter og avstand frå fylkesvegen, vert tiltaket godkjent.



Situasjonsplan vedlagt søknad.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6863 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#),